

SAK 11-16 FORSLAG REGIONAL PLANSTRATEGI FOR BUSKERUD 2017 – 2020, DRØFTING, UTTALE

Saksopplysning

Bakgrunn

Regional planstrategi for Buskerud 2013-2016 skal reviderast for planperioden 2017-2020. Regional planstrategi blir vedteken av fylkestinget som regional planmyndigheit. Fylkesutvalet i Buskerud fylkeskommune vedtok 21. september 2016 å legge forslag til Regional planstrategi for Buskerud 2017-2020 ut til offentlig ettersyn, med høyringsfrist 11. november 2016.

Arbeidet med regional planstrategi skal ta det regionale perspektivet ved å sjå utanfor kommunegrensene, sektorane og forvaltningsnivåa. Regional planstrategi skal gjera greie for dei viktigaste regionale utfordringane. Med utgangspunkt i nasjonale mål og rammer, ta stilling til kva spørsmål som skal følgjast opp gjennom regional planlegging eller bli gjennomført gjennom interkommunal planlegging.

Regional planlegging skal fylle følgjande tre dimensjonar:

- Gi strategisk retning til samfunnsutviklinga
- Mobilisere privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn
- Samordne og koordinere offentlig innsats og verkemiddelbruk

Dette er den tredje regional planstrategien. Ved førre rullering (2013-2016) vart det spesielt peikt på tre nye viktige regionale planar for utviklinga av Buskerud. Dette var for:

- Kunnskapssamfunnet
- næringsutvikling og verdiskaping
- areal og transport.

Eit viktig moment vil vera å ta omsyn til dei planane som er vedtekne dei siste par åra og dei som framleis er i prosess.

Regionale utviklingstrekk og hovudutfordringar mot 2030

Med utgangspunkt i Buskerud sine hovudutfordringar fram mot 2030 syner analysane at Buskerud står framfor utfordringar på områder som befolkningsutvikling, næringsutvikling, kunnskap og samordna areal- og transportutvikling. Regional planstrategi 2017-2020 prioriterar:

- Ei målretta planlegging for å møte regionen sine utfordringar
- Oppfølging av vedtekne regionale planer i samarbeid med kommunar, statlege etatar, næringsliv og organisasjonar
- Ferdigstille pågåande planprosessar.
- Folkehelse og klima- og miljøaspektet er tverrgående tema i dei regionale planane

Behovet for regionale planar blir sagt at er dekkja gjennom dei regionale planane som allereie er vedtekne eller i prosess. Men det blir foreslått ein ny regional plan for Ringeriksregionen på grunn av regionen sine mogelegheiter for vekst og utvikling i lys av ny Ringeriksbane og E16.

I forslag til regional planstrategi (vedlegg 2) blir det gjort greie for dei viktigaste regionale utviklingstrekk og utfordringane Buskerudsamfunnet står overfor. Det er fokusert på 3 hovudtema, med underliggende utfordringar. Hovudtemaa og utfordringane er ikkje

altomfattande, men skal syne sentrale utviklingstrekk og utfordringar i Buskerud, som det er viktig å ha et fokus på i eit langsiktig perspektiv.

Desse er:

- *Befolkningsutvikling og vekst*
 - *befolkningsvekst i sentrale områder og stagnasjon i distriktene*
 - *eldrebølge, og svak vekst i barne- og ungdomskullene*
 - *boligstrukturen er ikke i samsvar med husholdningsstrukturen*
- *Næringsutvikling, levekår og folkehelse*
 - *varierte næringsliv, men ensidig i enkelte regioner*
 - *utdanningsnivå under landsgjennomsnittet*
 - *store variasjoner i levekår og utdanning innad i fylket*
- *Miljø, areal og transport*
 - *hovedandelen og økning av klimagassutslipp i Buskerud kommer fra biltrafikk*
 - *byspredning, gjennom bolig- og næringsutvikling*
 - *arealkonflikter, knyttet til dyrka mark og naturressurser*

Planbehov 2017-2020

I forslag til regional planstrategi går det fram kva regionale planar som er foreslege for Buskerud. I perioden 2017-2020 blir det foreslege følgjande:

- *En ny regional plan utarbeides; Regional plan for Ringeriksregionen*
- *Regional delplan for reiselivet «Først mot fremtiden» 2010-2016 videreføres ikke*
- *Regional plan for universell utforming – Buskerud mot 2025 videreføres ikke*
- *De tre regionale planene for vannforvaltning i vannregionene Glomma, Sogn og Fjordane og Vest-Viken rulleres*
- *Regional plan for Hardangervidda 2011-2025 rulleres.*

Regional plan for Ringeriksregionen er foreslått ny regional plan. Målet med planen er samordning på tvers av kommunegrensene for å få til bærekraftig utvikling for bustad, næring, arealbruk og transportutvikling innan regionen. Denne regionale planen blir ein viktig del av plansamarbeidet mellom fylkeskommunen og kommunane.

Regional delplan for reiselivet «Først mot fremtiden» 2010-2016 vart vedteken april 2010. Det er foreslått at den regionale planen ikkje blir vidareført. I samarbeid med partnerskapet Team Reiseliv vil fylkeskommunen bidra til at satsingar på reiselivsområdet blir integrert i oppfølging av Regional plan for næringsutvikling og verdiskaping.

Rullering av *de regionale vannforvaltningsplanene* er lovpålagt gjennom vassforskrifta og skal gjerast fyrste gong innan 2021, og neste gong innan 2027.




Forslag til *Regional areal- og transportplan for Buskerud* er forventa å vera klar for offentleg høyring ved årsskiftet og vedtak av planen våren 2017.

Forslag til *Regional plan for kulturminnevern* er forventa å vera klar for offentleg høyring io haust og vedtak av planen på nyåret 2017.

Fylkesdelplan for handel, service og senterstruktur er vedteke rullert inn i *Regional areal- og transportplan for Buskerud* jf. vedtak av Regional planstrategi for Buskerud 2013-2016. Det foreslege at behov for rullering av *Kollektivtransportplan for Buskerud* blir vurdert som ein del av slutthandsaminga av *Regional areal og transportplan for Buskerud* for å sikre gode grensesnitt og koplingar mellom desse

Følgjande regionale planar gjeld for Buskerud i perioden 2017-2020:

Regional plan	Vedtatt	2017	2018	2019	2020	2021	Merknad
Regional plan for Ringeriksregionen							Ny
Regional areal- og transportplan for Buskerud							
Regional plan for kulturminnevern							
Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021	2016						*
Regional plan for vannforvaltning i vannregion Glomma 2016-2021	2016						*
Regional plan for vannforvaltning i vannregion Sogn og Fjordane 2016-2021	2016						*
Regional plan for kunnskapssamfunnet	2016						
Regional plan for næringsutvikling og verdiskaping	2014						
Regional plan for Nordfjella 2014-2025	2014						
Areal- og transportplan for Buskerudbyen 2013-2023	2013						***
Kollektivtransportplan for Buskerud fylkes – utvikling mot 2030	2012						***
Regional plan for Hardangervidda 2011 - 2025	2011						**
Fylkesdelplan for avkjørsler og byggegrenser langs riksvegnettet i Buskerud	2004						***

	Plan i arbeid
	Plan vedtas
	Plan rulleres

* Rullering innen 2021 er lovpålagt og skjer i dialog med samarbeidende fylkeskommuner, godkjennes ved sentral godkjenning

** Rullering skjer i dialog med samarbeidende fylkeskommuner

*** Rullering vurderes som del av sluttbehandling av Regional areal- og transportplan for Buskerud. Vurdering gjøres i samarbeid med kommunene, Buskerudbyen, statlige etater og aktørene innen kollektivområdet

* Sentral godkjenning fra Klima- og miljødepartementet foreligger etter fylkestingets vedtak av 10.12.15

** Rullering innen 2021 er lovpålagt og skjer i dialog med samarbeidende fylkeskommuner

*** Rullering skjer i dialog med samarbeidende fylkeskommuner

Vurdering

Generelt

Regional planstrategi er eit felles oversiktsdokument for regional planlegging og eit verktøy for å sjå dei regionale utfordringane og politikkområda i ein heilskapleg samanheng. Forslag til regional planstrategi for Buskerud 2017-2020 peikar på utviklingstrekk og utfordringar og vurderer event. behov for nye planar, gjennomføring og rullering av vedtekne planar og ferdigstilling av planarbeid som er sett i gang. Det er ikkje foreslått nye planar som har direkte konsekvensar for Hallingdal, men det kan vera verdt å merke seg forslag om ny regional plan for Ringeriksregionen. Ved førre revidering av Strategisk plan for Hallingdal vart det vurdert om denne burde vera ein fylkesdelplan.

For å ha ei positiv regional utvikling i Hallingdal må me ha vekst i arbeidsplassar og dei må vera lønsamme. Til dette trengs kompetent arbeidskraft m.a.o. er me avhengig av befolkningsvekst. Samanhengen mellom arbeidsplassvekst og flytting er sentral for å forstå dynamikken i utviklinga. I forhold til regional planstrategi er det valt å peike på nokre forhold som blir vurdert som viktige. Noko av grunnlaget for vurderingane ligg og i sak 13-16, Revidering Strategisk plan for Hallingdal 2017–2020 og Byregionprogrammet.

Regional delplan for reiselivet

Regional delplan for reiselivet er foreslått at ikkje skal vidareførast. For Hallingdal som den største reiselivsregionen i landet, har det vore viktig å ha ein plan som har sett fokus på reiselivsnæringa, både i forhold til prioriteringar /ressursbruk og bevisstgjerjing. Det er foreslått at i samarbeid med partnerskapet Team Reiseliv vil fylkeskommunen bidra til at satsingar på reiselivsområdet blir integrert i oppfølging av Regional plan for næringsutvikling og verdiskaping. Dette kan vera eit rett grep, men det blir endå viktigare at det både frå politisk hald og frå næringslivet i Hallingdal blir arbeid systematisk og samordna, for å få

fram prioriterte oppgåver/satsingar. I denne samanheng bør det nyetablerte Bransjeforum for Reiseliv Hallingdal og Regionrådet for Hallingdal finne fram til ei samarbeidsform.

Ulike regionar, ulik medisin

I samband med handsaming av Regional planstrategi for Buskerud 2013 – 2016 uttalte Regionrådet for Hallingdal:

«Sjølv om regional planstrategi i stor grad skal famne heile fylke er det særdeles viktig at fylkeskommunen evnar å legge planar og strategiar, som er tilpassa dei ulike utfordringar regionane i Buskerud står overfor (noko som til ein viss grad er synleggjort i saksvurderingane). Regionrådet for Hallingdal ser på dette som eit viktig arbeid, i samband med utarbeiding av planprogram for dei regionale planane.»

Det er framleis gjeldande og særskilt viktig, noko som er kjem klart til syne i høyringsdokumentet; «Forslag til Regional planstrategi for Buskerud 2017-2020» under pkt. 4, 4. utviklingstrekk og utfordringar for buskerudsamfunnet. Dette gjer at det er ulik «medisin» som må til i t.d. Drammensområdet og Hallingdal og dei regionale planane må evne å tilpassa dette.

Hovudutfordringar Hallingdal

For Hallingdal som ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion er det etter dagleg leiar sitt syn to hovudutfordringar i forhold til det som er peika på som regionale utviklingstrekk og hovudutfordringar mot 2030:


- **Befolkningsutvikling og vekst** med vekt på befolkningsutvikling
 - o *befolkningsvekst i sentrale områder og stagnasjon i distriktene*
- **Næringsutvikling, levekår og folkehelse** med vekt på variert næringsliv og kompetanse
 - o *variert næringsliv, men ensidig i enkelte regioner*

Demografi, omsorgsrate

Hallingdal har gjennom fleire år hatt ei viss befolkningsauke og folketalet i Hallingdal har aldri vore høgare. Samstundes er det viktig å sjå på alderssamansetning og utvikling over tid. Kommunane i Hallingdal har utvikla seg noko ulikt og det er Hemsedal som har den verkeleg store befolkningsveksten i Hallingdal og som vil ha det dei komande åra. Grovt sett har Flå og Gol ei positiv utvikling, Ål og Hol er status quo, medan Nes har ei negativ utvikling.

Kommune	Endring 2005 - 2016	Framskrivning 2040 (MMMM)	Folketal 2040 framskrive
Flå	60	187	1261
Nes	-63	-137	3285
Gol	203	244	4822
Hemsedal	513	1167	3589
Ål	41	125	4836
Hol	-60	118	4615
Hallingdal	694	1704	22408

Befolkningsendringar Hallingdal



Ser ein på samanhengane mellom fødselsoverskot, innvandring/utvandring og innflytting/utflytting er det som for dei fleste andre regionar i Norge, innvandring som sørger for ei positiv befolkningsutvikling.

Alderssamansetjing er viktig å vurdere i forhold til m.a. kor mange vaksne i yrkesaktiv alder som vil stå bak kva person i alderdommen.

NIBR (Barlindhaug og Sørli 2015) har på oppdrag frå Buskerud fylkeskommune gjort ei analyse der dei har kartlagt og analysert korleis eldrebølgja vil slå ut forskjellig i kommunane i Buskerud.

Nåsituasjon: Indeks for aldersgruppen 76-85 år i 2014	Framtidig utvikling: Utsikt til prosent vekst i aldersgruppen 76-85 år 2014 – 2025				
	Under 20 %	20-26 %	39-44 %	45-52 %	67-77 %
Under eller lik 100				Kongsberg Øvre Eiker Nedre Eiker	Lier Røyken
101-110		Hemsedal	Drammen	Hole	Hurum
111-120		Ringerike	Hol	Krødsherad Modum Flesberg	
121-150	Nes Ål	Sigdal	Gol		
151-174	Flå Nore og Uvdal				

Tabell 1 Kommuner i Buskerud etter størrelse på eldrebølgen 66-75 år i 2014 i forhold til 2004, og innslaget av eldre i alder 76-85 år 2014. Landsinnslag = 100 (Barlindhaug og Sørli 2015).


Det syner seg at enkelte mindre kommunar i dag har ein stor overrepresentasjon av aldersgruppa 76-85 år. Dette gjeld Nes, Ål, Flå, Nore og Uvdal, Sigdal og Gol. Dei fleste av

desse kommunane er forventna at ikkje vil oppleve vesentleg vekst i denne aldersgruppa fram til 2025. Unntaka er Gol og Sigdal, som kan forvente ytterlegare auke i denne aldersgruppa.

Omsorgsrata kan her vera ein viktig indikator, som uttrykker kor mange vaksne i yrkesaktiv alder som vil stå bak kvar person i alderdommen. Konkret er det rekna at alle frå 67 og oppover er eldre, mens personar frå 20-66 år tilhøyrar den produktive del av befolkninga.

I 2011 var omsorgsrata 0,21 for Norge, som litt enkelt kan omskrivast slik at kvar vaksen person i yrkesaktiv alder tok byrda av ein femtedels person i eldregruppa. For Hallingdal var talet 0,27. Med ei framskriving til 2030 (MMMM) vil omsorgsrata for Hallingdal vera 0,40 i 2030.

For Norge og Buskerud vil omsorgsraten vera ca. 0,30.




Næringsutvikling, arbeidskraft

Hallingdal er avhengig av ei positiv befolkningsutvikling, med ei «god» alderssamansetjing for å vera ein vekstkraftig region. For Hallingdal er ei av dei desidert største utfordringane å rekruttere eigen ungdom inn i arbeidslivet i Hallingdal. Sjølv om Hallingdal ikkje er verst stilt som distriktsregion, «mistar» me alt for mange ungdommar som aldri kjem attende.

Ungdommen er den viktigaste ressursen i det framtidige Hallingdal. Me treng ungdom som kan og vil omstille og nyskape ut frå eigen kompetanse og ut frå lokale ressursar og behov. For å lykkast med dette er Hallingdal avhengig av eit variert næringsliv, meir variert enn i dag og der eksisterande næringar har positiv utvikling. I Byregionprogrammet, som Hallingdal er med i er det via m.a. ei samfunnsanalyse peika på desse forholda.

Arbeidskraft og arbeidsplassar heng nøye saman i Hallingdal. P.g.a. store reiseavstandar er det lite dagpendling ut og inn av Hallingdal. Dette gjer at Hallingdal i stor grad må skaffe sine egne arbeidsplassar og ha eigen arbeidskraft, me må vera sjølvforsynt. I ein slik samanheng kan det vera viktig å gjera seg nokre betraktningar i forhold til flytting. Det er gjort mykje forskning på dette området, der det er nokre klare samanhengar. Forhold knytt til stad og miljø har meir å seie for å bli buande enn for å flytte. Arbeid betyr like mykje for å bli buande som for å flytte. Bustad og familie blir i større grad brukt som motiv for å flytte enn for å bli buande. Til lettare det er å få arbeid, desto lettare er det å velje bort arbeid som motiv for å flytte eller bli buande. Meir sentralisert busetting og oppvekstmønster, større pendlingsregionar, større tilgang og valfridom på mange områder, betre økonomiske konjunkturar, aukande tendens til å ta framvekst av goder for gitt – alt dette bidreg til at motiv knytt til bustad, stad og familie har auka meir enn arbeidsmotiva.

Uansett motiv så er Hallingdal avhengig av å styrke eksisterande næringar og utvikle nye type arbeidsplassar. Når ein ser på vekst i arbeidsplassar i Hallingdal har det stagnert dei siste åra og bør vera eit varsko.



Hallingdal har ein forholdsmessig svært stor del arbeidsplassar i det private næringslivet. Samla ca. 36% av samla befolkning (NHO, nærings NM 2014). Dette utgjer nærare 70% av total sysselsetting.

Hallingdal har til dels eit einseitig næringsliv som i liten grad har teke del i utvikling av «nye næringar». Eit dominerande og einseitig næringsliv som er sterkt konkurranseutsett, der det i tillegg er eit lågt utdanningsnivå, er viktig å ha med seg også i gode tider.

Utdanning

Under punktet «Næringsutvikling, levekår og folkehelse» er det peikt på at det er store variasjonar i utdanningsnivået mellom kommunane i fylket, noko som fyrst og fremst skuldast næringsstrukturen og «kompetansebehovet», dagleg leiar går ut i frå at det her er meint utdanningsnivå. I dei fleste samanhengar når det blir synt til utdanningsnivå er det grunnskule, vidaregåande skule og universitets- og høgskulenivå som er samanlikningsgrunnlaget. Etter dagleg leiar sitt syn kjem ikkje yrkesfaga med t.d fagbrev fram i denne type oversikter. Dette gjev feil signal både i forhold til verdsetting og faktisk kompetansebehov for store delar av næringslivet, syner her til [NHOs kompetansebarometer 2016](#). Sjølv om Buskerud fylkeskommune har eigen «[Regional plan for kunnskapssamfunnet](#)» er det viktig å synleggjera utdanning og kompetansebehov i ein overordna regional planstrategi, og i sterkare grad sjå dei ulike sektorane i samanheng.

Drøfting i Hallingtinget

I forslag til Regional planstrategi for Buskerud 2017-2020I er det reist spørsmål for vidare analyse og drøfting, knytt til dei ulike tema som er prioritert. **Etter dagleg leiar sitt syn er dette spørsmål som i stor grad er relevante for Hallingdal og som bør kunne drøftast vidare på Hallingtinget på eit overordna nivå.**

Pkt. 4.2.6 befolkningsutvikling og vekst

- *I hvilke grad er befolkningsvekst «driver» for utviklingen i regionen og kommunene?*
 - o *Befolkningsveksten vil kunne svekkes fram til 2040*
 - o *En stor del av fylket tar ikke del i befolkningsveksten*
- *Hvilken betydning vil endring i alderssammensetningen, som følge av eldrebølgen, ha for regionen, kommunene og lokalmiljøene?*
 - o *Hvordan tilnærme seg en utvikling der andelen i yrkesaktiv alder går ned?*
- *Hvordan tilpasse offentlige tjenester og annen service, når andelen eldre øker så betydelig?*
 - o *Dagens husholdnings- og boligsammensetting er i liten grad tilpasset hverandre.*
 - o *Hvordan dekke opp behovet for mindre og lettstelte boliger for mindre husholdninger og flere eldre?*
 - o *Hvordan utnytte dagens boligmasse med småhus på en bedre måte, slik at de fortrinnsvis brukes av større husholdninger med barn?*
- *Hvilke utfordringer vil kommuner og lokalsamfunn møte ved en stagnasjon eller nedgang i barne- og ungdomskullene?*
- *Hvilke følger vil en endring av innvandring fra arbeidsinnvandring til flyktninger/ asylsøkere ha for Buskerudsamfunnet?*

Og det kan vera problemstillingar i forhold til stor befolkningsvekst.

Pkt. 4.3.4 næringsutvikling, levekår og folkehelse

- *Hvordan skape verdiskapning og produktivitet i alle deler av fylket?*
- *Hvordan vil næringslivet i fylket håndtere større omstilling, særlig innenfor olje- og Gassnæringen*
- *I hvilke grad er en høy arbeidsmarkedsintegrasjon en utfordring i et areal- og transportperspektiv?*
 - o *I hvilke grad er pendling et tegn på god/ dårlig samordnet areal- og transportplanlegging?*
 - o *Er en høy arbeidsmarkedsintegrasjon, med stor andel pendling er forutsetning for et robust og godt arbeidsmarked?*
- *Hvordan utjevne sosiale helseforskjeller og redusere barnefattigdom, i alle deler av fylket.*
- *Hvordan lykkes fylket med å inkludere en stadig høyere andel eldre i arbeidsmarkedet?*
- *Hvordan møter fylket den sterke veksten i antall eldre i årene som kommer, ut i fra et folkehelseperspektiv?*
- *Hvordan kan man få en god boligsosial utvikling?*

Pkt. 4.4.6 miljø, areal og transport

- *Hvordan redusere veksten i personbiltrafikken?*
 - o *Når den nå øker mer enn befolkningsveksten.*
 - o *Når det fortsatt foregår spredt boligbygging og varehandel som genererer personbiltransport?*
- *Hvordan oppnå god framkommelighet innenfor samferdsel?*

- *Og samtidig redusere personbiltrafikken?*
- *Og samtidig ta arealhensyn, knyttet til natur, jordvern og kulturminner.*
- *Bygges det nok og riktige boliger, for å dekke behovene som følge av befolkningsvekst og endret befolkningssammensetning?*
- *Er det avsatt nok og riktige arealer til fritidsboliger?*
 - *Vil dette skape konflikter knyttet til vern av natur?*
- *Vil man klare å opprettholde halveringsmålet knyttet til bevaring av dyrket mark?*
 - *I møtet med store infrastrukturprosjekter innenfor samferdsel*
 - *Med befolkningsvekst og press på sentrale arealer.*

Forslag til uttale

1. Sjølv om regional planstrategi i stor grad skal famne heile fylke er det særdeles viktig at fylkeskommunen evnar å legge planar og strategiar, som er tilpassa dei ulike utfordringar regionane i Buskerud står overfor. Det er ulik «medisin» som må til i t.d. Drammensområdet og Hallingdal og dei regionale planane må evne å tilpassas dette.
2. Regional delplan for reiselivet er foreslått at ikkje skal vidareførast. For Hallingdal som den største reiselivsregionen i landet, har det vore viktig å ha ein plan som har sett fokus på reiselivsnæringa, både i forhold til prioriteringar /ressursbruk og bevisstgjerjing. Det er foreslått at i samarbeid med partnarskapet Team Reiseliv vil fylkeskommunen bidra til at satsingar på reiselivsområdet blir integrert i oppfølging av Regional plan for næringsutvikling og verdiskaping. Dette kan vera eit rett grep, men det blir endå viktigare at det både frå politisk hald og frå næringslivet blir arbeid systematisk og samordna, for å få fram prioriterte oppgåver/satsingar.
3. Regionrådet for Hallingdal ser det som grunnleggjande å ha eit sterkare fokus på å styrke eksisterande livskraftige næringar og utvikle nye type arbeidsplassar.
4.
5.

Ål 18.10.2016

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

- Vedlegg 1: [Forslag Regional planstrategi for Buskerud 2017-2020, høyringsbrev](#)
Vedlegg 2: [Forslag Regional planstrategi for Buskerud 2017-2020, høyringsdokument](#)